



DELÅRSRAPPORT

1. kvartal 2015

Voss, 21. april 2015
Voss Veksel- og Landmandsbank ASA
Postboks 10, 5701 Voss
Telefon: 56 52 35 00 faks 56 51 27 47
www.vekselbanken.no
E-post: post@vekselbanken.no

DELÅRSRAPPORT 1. KVARTAL 2015

RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA legg fram eit resultat før skatt for 1. kvartal på 3,5 mill. kr, ein reduksjon på 5,8 mill. kr i forhold til 1. kvartal i fjor. Resultatet tilsvarar 0,36% av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK), mot 0,87% i fjor.

Etter skatt er resultatet i 1. kvartal på 2,5 mill. kr (0,26%) mot 6,7 mill. kr (0,77%) i fjor.

Totalresultatet for 1. kvartal er på 3,9 mill. kr mot 6,2 mill. kr i 1. kvartal i fjor, ein reduksjon på 2,5 mill. kr.

Reduksjonen skuldast reduksjon i nettorenter og realisert tap på obligasjonar.

RENTEMARGIN

I 1. kvartal bokfører banken netto renteinntekter på 15,7 mill. kr, ein reduksjon på 3,9 mill. kr i forhold til 1. kvartal i fjor. Årsaka til reduksjonen i rentemarginen er reduserte marginar på grunn av konkurransesituasjonen, og at banken i kvartalet har hatt ca. 160 mill. kr i rentefond, der avkastning vert ført som aksjeutbytte. Rentemarginen i 1. kvartal er på 1,64% mot 2,23% for 1. kvartal i fjor. Rentemarginen er om lag som budsjettert.

Banken har i april varsla endring på rentene som vil styrkja rentemarginen frå 3. kvartal

INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

På aksjar og rentefond inntektsfører banken netto utbytte, realisert vinst og verdiendringar i 1. kvartal med netto 0,8 mill. kr mot 0,1 mill. kr i 1. kvartal i fjor.

På obligasjonar har banken realisert tap i kvartalet med 2,3 mill. kr mot vinst på 1,2 mill. kr i 1. kvartal i fjor.

Tidlegare nedskrivningar på obligasjonar som no er realisert med tap er tilbakeført over eigenkapitalen. Netto verdiendringar på obligasjonar ført over eigenkapitalen er for 1. kvartal 1,9 mill. kr.

Realisert tap og tilbakeført tidlegare nedskrivning på obligasjonar kjem frå at banken i tidlegare år har investert i obligasjonar i Seabird Exploration og Norwegian Energy Company til ein samla kostpris på 15,6 mill. kr. Ved årsskiftet 2014 – 2015 var desse investeringane bokført til verkeleg verdi på 6,1 mill. kr, ved nedskrivning over eigenkapitalen med 9,5 mill. kr. Ved restrukturering av desse selskapa si gjeld våren 2015 vert ny kostpris på nye obligasjonar og aksjar bokført til verkeleg verdi, slik at realisert tap vert ført i resultatrekneskapen og tidlegare bokførde nedskrivningar vert tilbakeført over eigenkapitalen. Realisert tap på Seabird Exploration på 2,4 mill. kr er resultatført i 1. kvartal medan realisert tap på Norwegian Energy Company på 5,3 mill. kr vil bli ført i 2. kvartal.

DRIFTSKOSTNADER

I 1. kvartal i år er driftskostnadane på 12,0 mill. kr som er om lag det same som for 1. kvartal i fjor. I % av GFK er driftskostnadane i kvartalet 1,25% i år mot 1,37% i fjor.

Driftskostnadane for kvartalet er om lag som budsjettert for 2015.

TAP OG MISLEGHOLDNE LÅN

I 1. kvartal har banken konstatert tap på 0,8 mill. kr som det tidlegare har vore avsett for.

Samla netto misleghaldne engasjement ved utgangen av kvartalet er på 27,6 mill. kr, ein reduksjon frå 29,2 mill. kr ved utgangen av 1. kvartal i fjor.

I % av brutto utlån utgjer dette 0,87 % pr. 31.03.15, mot 0,94% pr. 31.03.14. For nærmare spesifisering sjå eigen tapsnote.

RÅDVELDEKAPITAL

I 1. kvartal er rådveldekapitalen redusert med 254 mill. kr, eller 6,32 %, til 3,779 mill. kr. Banken har med bakgrunn i den store innskotsveksten i 2014 i 1. kvartal samla innløyst 300 mill. kr i sertifikat- og obligasjonsgjeld utan å ta opp nye lån.

Siste 12 månader er rådveldekapitalen auka med 143 mill. kr, eller 3,95%.

INNSKOT

I 1. kvartal er innskota auka med 4 mill. kr mot ein auke på 56 mill. kr i 1. kvartal i fjor. Siste 12 månadane har innskota auka med 442 mill. kr, eller 18,40%.

Pr. 31.03.15 har banken ei innskotsdekning på 89,1% av brutto utlån, mot 76,7% på same tid i fjor.

UTLÅN

Banken har i 1. kvartal hatt ein reduksjon i utlån på eige bok på 52 mill. kr. I kvartalet har banken formidla lån via Eika Boligkreditt AS med 34 mill. kr, slik at samla reduksjon i utlåna vert 17 mill. kr eller 0,5%.

Pr. 31.03.15 er brutto utlån til kundar 3.199 mill. kr, mot 3.120 mill. kr pr. 31.03.14. Dette utgjer ein auke dei siste 12 månadane på 79 mill. kr eller 2,5%. Når overførte nye utlån til Eika Boligkreditt AS vert teken med, er samla utlånsvekst siste 12 månader 235 mill. kr eller 7,4%.

Av samla utlån ved årsskiftet er 2.498 mill. kr (78,1%) til personkundar og 701 mill. kr (21,9%) til næringskundar.

LIKVIDITET

Banken sin likviditet er god. Banken har mange og små innskot, med berre eit fåtal kundar med saldo over 10 mill. kr. Av samla innskot på 2.850 mill. kr er samla innskot med saldo over 2 mill. kr (Bankenes Sikringsfond si garantigrense pr. kunde) 609 mill. kr eller 21,4%. Banken vil framover tilpassa likviditetsporteføljen til nye likviditetskrav frå styresmaktene. Ved kvartalsskiftet er banken sin LCR 98% berekna etter nye forskrifter.

EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter standardmetoden i Basel III reglane er 417,8 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 20,67% utan at resultatet hittil i år er teke med.

Kjernekapitalen er 365,4 mill. kr, eller 18,08%. I høve til minimumskrava er overdekninga 256,1 mill. kr. Rein kjernekapitaldekning ved kvartalsskiftet er 340,9 mill. kr, eller 16,87%.

DEI 20 STØRSTE AKSJONÆRANE

Tabellen under syner ei oversikt over dei 20 største aksjonærane:

20 STØRSTE AKSJONÆRANE

<u>Namn</u>	<u>Andel</u>	<u>Beholdning</u>
VOSS SPAREBANK	10,00 %	189.980
SPAREBANKEN ØST	8,16 %	155.020
MP PENSJON PK	4,76 %	90.526
AUGUST RINGVOLD AGENTUR AS	2,44 %	46.451
AS FLU	1,86 %	35.397
PROFOND AS C/O A. G. REGNSKAP AS	1,53 %	29.000
BERGEN KOMMUNALE PENSJONKASSE	1,42 %	27.000
NARHEIM INVEST AS	1,42 %	26.920
FANA SPAREBANK	1,21 %	23.000
SKOGBORG AS	1,08 %	20.440
JOH. RASMUSSEN & RAC	1,05 %	20.000
FORLAGSHUSET VIGMOSTAD & BJØRKE AS	0,93 %	17.700
BJØRKE ARNSTEIN	0,89 %	16.980
NOTOV AS	0,87 %	16.567
WERGELAND HOLDING AS	0,84 %	16.000
NORDNET PENSJONSFORSIKRING	0,69 %	13.061
RIO INGUNN	0,66 %	12.580
KLØVE-GRAUE ASTRID	0,63 %	12.000
HAUKÅS KONSULETENE AS	0,63 %	12.000
GJØSTEIN IVAR	0,60 %	11.420
Sum for dei 20 største eigarane	41,69 %	792.042
Øvrige eigarar	58,31 %	1.107.958
Totalt utstedte aksjar	100,00 %	1.900.000

Aksjen sin matematiske verdi var ved utgangen av 1. kvartal: kr 185,15
Børskurs ved utgangen av 1. kvartal var : kr 124,00

REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

REKNESKAPSPRINSIPP

Banken sin delårsrekneskap er oppsett i samsvar med IFRS.

UTSIKTENE FOR 2015

Styret meiner at banken med sine solide tal og ein stabil lokalmarknad, framleis er i stand til å levera tilfredsstillande resultat framover. Banken sine finansinntekter vil verta påverka av renteutviklinga i marknaden og utviklinga på aksjebørsane rundt om. Konkurransen i rentemarknaden er hard, og rentemarginen i 1. kvartal syner eit kraftig fall. Vekselbanken har varsla endring på gebyr og renter gjeldande frå juni 2015, noko som vil styrkja banken si inntening framover. Formidling av nye lån via Eika Boligkreditt, og utvida satsing på sal av forsikring og spareprodukt, vil framover styrkja denne utviklinga.

Kontaktpersonar: Banksjef Einar Larsen eller ass. banksjef Stig Gunnar Røthe tlf. 56 52 35 00

RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	31.03.15	31.03.14	31.12.14
Renteinntekter og liknande inntekter	34.549	39.266	156.305
Rentekostnader og liknande kostnader	18.827	19.624	80.882
Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter	15.722	19.642	75.423
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	936	238	2.063
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	1.651	1.494	6.897
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-940	-832	-3.630
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	-1.974	1.576	12.375
Andre driftsinntekter	47	11	97
Sum andre inntekter	-280	2.487	17.802
Sum netto inntekter	15.442	22.129	93.225
Personalkostnader	5.135	4.853	19.756
Administrasjonskostnader	3.745	4.134	13.112
Ordinære avskrivningar	1.746	1.730	6.928
Andre driftskostnader	1.389	1.315	4.514
Sum kostnader	12.015	12.032	44.310
Resultat før tap	3.427	10.097	48.915
Tap på utlån, garantiar m.v.	-32	843	4.508
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	0	0	0
Netto tap og avskrivningar	-32	843	4.508
Resultat før skatt	3.459	9.254	44.407
Skatt på ordinært resultat	965	2.489	10.482
Resultat for rekneskapsåret	2.494	6.765	33.925
Andre inntekter og kostnader			
Finansielle eignelutar tilgjengeleg for sal	1.933	-754	-12.489
Endring utsett skatt finansielle eignelutar for sal	-522	237	3.271
Sum andre postar	1.411	-517	-9.218
Totalresultat	3.905	6.248	24.707
Resultat pr. aksje	1,31	3,56	17,86
Utvatna resultat pr. aksje	1,31	3,56	17,86

BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

EIGNELUTAR

	31.03.15	31.03.14	31.12.14
Kontantar og fordringar på sentralbankar	71.995	66.932	71.388
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	98.444	68.026	222.017
Netto utlån og fordringar på kundar	3.150.647	3.073.848	3.201.814
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	272.016	311.700	275.298
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	124.021	52.063	202.035
Immaterielle eignelutar	10.998	14.997	11.998
Finansielle derivat	5.424	595	5.781
Varige driftsmidlar	35.165	37.243	35.703
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	10.732	10.562	8.210

SUM EIGNELUTAR

3.779.442 3.635.966 4.034.244

GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0
Innskot frå og gjeld til kundar	2.849.885	2.407.564	2.845.313
Obligasjons- og sertifikatgjeld	412.432	759.388	713.258
Finansielle derivat	0	674	0
Utsett skatt	895	2.294	373
Anna gjeld	17.606	19.656	23.475
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	20.472	22.950	9.797
Avsetjingar for påløpne kostnader og forplikingar	2.971	4.046	3.382
Ansvarleg lånekapital	123.398	85.000	90.768
Sum gjeld	3.427.659	3.301.572	3.686.366

EIGENKAPITAL

Innskoten eigenkapital

Aksjekapital (1.900.000 aksjar á kr. 5,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning eigne aksjar	-11	-19	-11
Sum innskoten eigenkapital	9.489	9.481	9.489

Opptent eigenkapital

Annan eigenkapital	342.294	324.913	338.389
Sum opptent eigenkapital	342.294	324.913	338.389
Sum eigenkapital	351.783	334.394	347.878

SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

3.779.442 3.635.966 4.034.244

Garantiansvar	98.119	102.433	122.846
Pantsetjingar	102.588	70.310	102.778
Eigenkapitaldekning	20,67 %	18,64 %	19,47 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	3.841.714	3.516.821	3.756.540

Voss, 21. april 2015

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA



Jorunn Lødemel
Styreformann




Åse-Karin Tennebekk




Dagfinn Gjøstein



Stein Kvarekvål



Johanna R. Søllyberg



Einar Larsen
banksjef

TAP PÅ UTLÅN

Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar
Endring i gruppevise nedskrivningar
Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for
Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive for
Inngang på tidlegare avskrivne tap

Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

	31.03.15	31.03.14	31.12.14
	31.03.15	31.03.14	31.12.14
	-820	850	2.514
	0	0	1.000
	806	0	1.025
	33	0	4
	-51	-7	-35
	-32	843	4.508

Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån (over 90 dagar)

Individuelle tapsnedskrivningar

Netto misleghaldne lån

Andre tapsmerka engasjement

Individuelle tapsnedskrivningar

Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

Netto tapsutsette engasjement

	31.03.15	31.03.14	31.12.14
	32.932	33.757	19.856
	5.354	4.569	4.925
	27.578	29.188	14.931
	61.053	69.151	67.197
	24.529	24.471	25.778
	36.524	44.680	41.419
	64.102	73.868	56.350

SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån

Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar

Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar

Netto utlån til kundar

	31.03.15	31.03.14	31.12.14
	3.199.606	3.120.964	3.251.593
	-29.883	-29.040	-30.703
	-19.076	-18.076	-19.076
	3.150.647	3.073.848	3.201.814

KAPITALDEKNING

	31.03.15		31.03.14		31.12.14	
	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav	Bereknings- grunnlag	Kapital- krav
Lokale og regionale styresmakter	7.608	609	0	0	9.623	770
Institusjonar	35.575	2.846	25.365	2.029	60.493	4.839
Føretak	253.470	20.278	429.715	34.377	274.423	21.954
Massemarknad	3.414	273	0	0	3.430	274
Pantsikring i bustad og fritidseigedom	1.252.220	100.178	1.250.394	100.032	1.303.837	104.307
Forfalne engasjement	47.313	3.785	20.819	1.666	19.447	1.556
Obligasjonar med fortrinnsrett	10.283	823	5.541	443	10.307	825
Andelar i verdipapirfond	46.871	3.750	6.544	524	141.262	11.301
Eigenkapitalposisjonar	33.034	2.643			33.930	2.714
Andre engasjement	168.417	13.473	184.163	14.733	189.739	15.179
Sum kredittrisiko	1.858.205	148.656	1.922.541	153.803	2.046.491	163.719
Operasjonell risiko	154.379	12.350	139.562	11.165	135.581	10.846
Frådrag for gruppevise nedskrivningar	0	0	-18.076	-1.446	0	0
CVA risiko, motpartsrisiko	8.262	661	0	0	0	0
Sum berekningsgrunnlag	2.020.846	161.669	2.044.027	163.522	2.182.072	174.566
Innbetalt aksjekapital	9.500		9.500		9.500	
- egne aksjar	-11		-19		-11	
Sum opptent eigenkapital	339.800		292.294		338.389	
- immaterielle eignelutar / utsett skattefordel	-8.029		-14.997		-8.759	
Frådrag	-396		0		-477	
Rein kjernekapital	340.864	16,87	286.778	14,03	338.642	15,52
Fondsobligasjonar til verkeleg verdi	40.398		35.000		35.000	
Frådrag for verdiendring fondsobligasjon	-5.398					
Frådrag i samsvar med overgangsvilkår	-10.500		0		0	
Kjernekapital	365.364	18,08	321.778	15,74	373.642	17,12
Fond for urealiserte verdiendringar	1.936		9.308		1.240	
Innbetalt tidsavgrensa ansvarleg kapital	40.000		50.000		50.000	
Ansvarleg lånekapital omfatta av overgangsvilkår	10.500		0		0	
Sum tilleggs kapital	52.436	2,59	59.308	2,90	51.240	2,35
Netto ansvarleg kapital	417.800	20,67	381.086	18,64	424.882	19,47

ENDRING I EIGENKAPITALEN

	31.03.15	31.03.14	31.12.14
Eigenkapital ved inngangen til året	347.878	328.145	328.145
Utbetalt utbytte førre år	0	0	-5.035
Verdiendring eignelutar tilgjengeleg for sal	1.411	-517	-9.218
Kjøp / sal egne aksjar	0	0	61
Resultat i perioden	2.494	6.766	33.925
Eigenkapital ved periodeslutt	351.783	334.394	347.878

KONTANTSTRAUMOPPSTILLING

	Alle tal i NOK 1 000		
	31.03.15	31.03.14	31.12.14
Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar	39 756	37 277	156 538
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar	-9 776	-7 694	-84 697
Andre innbetalningar	509	864	5 268
Driftsutbetalningar	-9 994	-8 455	-34 760
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap	51	0	35
Utbetalt utbytte	0	0	-5 035
Betalte skattar	-7 444	-3 853	-7 719
Tilført frå verksemda	13 102	18 139	29 630
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar	51 147	-54 546	-186 203
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar	4 572	56 815	494 564
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld	-300 826	17 864	-28 266
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar	-1 761	401	132
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir	81 931	-41 972	-159 271
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar	0	0	0
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld	-10 493	4 072	6 517
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital	40 000	0	0
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar	- 430	0	213
Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd	-135 860	-17 366	127 686
Investert i varige driftsmidlar	- 208	- 109	- 767
Investert i immaterielle eignelutar	0	0	0
Avgang varige driftsmidlar, til salssum	0	0	3
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir	0	0	2 559
Netto kontantstraum frå investeringar	- 208	- 109	1 795
Netto endring likvidar	-122 966	664	159 111
Likviditetsbeholdning ved inngangen til året	293 405	134 294	134 294
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt	170 439	134 958	293 405
Likviditetsbeholdning ved periodeslutt består av:			
Kontantar og fordringar på sentralbankar	71 995	66 932	71 388
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid	98 444	68 026	222 017